

## Manus til «Bryllaup»

(Ina, Sam og onkel Ola spring alt dei kan. Onkelen olbogar seg forbi Ina og Sam. Han piler inn i tidsmaskinen – og opp i setet sitt. Der blir han sitjande og skjelve. Til slutt får også Ina og Sam kasta seg inn.)

**Onkel Ola** (roper): «Lukk døra, då!»

**Ina** (haler døra på plass): «Sånn!»

(Ina og Sam jumpar også opp i seta. Dei spenner fast setebelta, og Ina snurrar tidshjulet.

Sekundet etter begynner tidsmaskinen å snurre på ny. Raskare og raskare og raskare.

Sovepulveret blir spreidd ut over kupeen, og – bums! – så sovnar dei. Når dei vaknar opp, viser skjermen St. Paul's Cathedral. År: 1981)



**Onkel Ola** (verkar heilt forvirra): «Kva? St. Paul's Cathedral.

År 1981? (ser på Sam og Ina): Veit de kvifor vi er komne til London midt i 1980-åra?»

**Sam:** (ristar på hovudet)

**Ina** (oppgitt): «De er to inntørka muselortar, altså. Veit de ingenting om historia vår?»

**Onkel Ola** (sukkar): «Du får opplyse oss, då.»

**Ina:** «Den 29. juli 1981 gifta Lady Diana seg med Charles, prinsen av Wales. Det var heilt utruleg romantisk. 750 millionar menneske følgde bryllaupet på TV!»

**Onkel Ola** (lagar grimase): «Æsj, kliss og kjærleik. Kva er det Toni Invento held på med?»

**Ina** (fnysande): «Kanskje han verdset meir enn berre dustete gutegreier!»

**Sam** (roleg og forsonande): «Slapp av litt då, Ina. Eg vil gjerne sjå på bryllaupet.»

**Ina:** (smiler)

(Dei forlèt tidsmaskinen i eit gatesmau og stig ut i Londons gater.)

**Ina** (oppglødd): «Sjå, ei glasvogn! Ho blir trekt av to brune hestar. Vogna stansar framfor katedralen. Sjå! Det er Lady Diana! Ho går inn i kyrkja!»

**Onkel Ola** (letta): «Der var ho borte. Ja, då er vi ferdig med det. Men vi har enno ikkje sett nokon bokstav.»

**Ina:** «Å, jo då, det er to bokstavar denne gongen. Dei glitra der på Dianas vogn. ENgland stod det. EN er bokstavane til løysingsordet.»

**Onkel Ola** (sukkar): «Ja vel. Men då kan vi vel gå tilbake til tidsmaskinen?»

**Ina:** «Du har det alltid så travelt. Dette er då eit godt høve til å lære noko nytt. Til dømes: Kva vil det seie å vere kongeleg?»

**Sam:** «I USA har dei ingen konge, men president.»

**Ina:** «Nettopp! Følg nøye med no, onkel Ola, og bli kongeklok!»